

Saksprotokoll 27.05.2020 - trafikktryggingsutvalet

Avrøysting

Fylkesdirektør sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet.

Innstilling til hovudutval for samferdsel og mobilitet

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet legg til grunn at fysiske trafikktryggingstiltak er avgjerande for at Vestland fylkeskommune skal nå måla etter nullvisjonen om stadig færre menneske som vert drepne eller hardt skadde i vegtrafikken.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet er positiv til spleislag med kommunane for å få realisert mest mogleg tiltak innan trafikktryggleik for pengane. Hovudutvalet legg til grunn at tiltaka i hovudsak må vera prioriterte i kommunale trafikksikringsplanar. I fellesprosjekt med kommunane på fylkesveg, er det ønskeleg at fylkeskommunen som hovudregel har byggherreansvaret. Unntak kan gjerast for enklare tiltak etter nærmere avklaring med fylkeskommunen.
3. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om at endra retningslinjer for tilskotsordninga, med ein større fleksibilitet, vert lagt fram for fylkestinget slik at:
 - Øvre grense for tilskotssum vert tilpassa endringar i ramma for tilskotsordninga som er kjende ved tidspunktet for utlysing.
 - Noverande grense for øvre tilskotssum vert stryke frå retningslinjene.
 - Det vert opna for at fylkeskommunen ved tildeling kan gjera unntak frå øvre grense for tilskot, og for minimum kommunal eigendel på 50 prosent.